



Her på Musland stod NRK-bilen parkert desse 3 dagane.

I langhelga var ein NRK-bil i Uskedalen i minst 3 dagar samanhengande, i alle fall frå og med torsdag og til og med laurdag kveld. At ein slik profilert bil er så lenge i ei lita Vestlandsbygda, som berre er litt større enn Rosendal, skapar sjølvstekt spekulasjonar. Redaksjonen har hatt ein del henvendelsar frå folk, kanskje med eit håp om at det er noko på gang.

Det som har vore mest aktuelle saka her i bygda siste tida, er vel at Festidalen-kunstnar Gaute Haugland med god hjelp frå bondelagsleiaren har fått ei oppblomstring og endeleg er blitt landskjend og har fått den merksemd for kunsten som han fortener. Her har bondelagsleiar Bartnes faktisk lukkast betre enn både Joar og Lothepus som begge har lete seg imponera av spraybokskunstnaren.

Gaute har som kjent også laga fleire flotte kunstverk i den vakre naturen oppe i dalen. Kunne det vera dei NRK var på jakt etter?

Staden NRK-bilen var parkert om dagane, tyder likevel ikkje på at den var på jakt etter Gaute-kunsten.

Men det er også andre ting i Uskedalen som er populært ute i den store verda. Ulvanåso. Både som klatreeldorado og turområde. Staden NRK-bilen stod om dagane, er ein fast parkeringsplass for fjellklatrarar. Derfor er det nok ganske så sikkert at den eller dei som disponerte bilen, var av dei veldig mange som var trekt til Uskedalen på grunn av klatring i Ulvanåso denne helga. Om det var privat besøk eller på oppdrag for NRK, har vi ikkje klart å få greie på. NRK Hordaland kunne ikkje gje oss svar på dette då vi kontakta dei i føremiddag.

Ja, ja, fint hadde dei det no om det så var jobb eller ikkje!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.